
Saknr: 2020/34856-2
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Kurs i regi av Deloitte 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan 01.06.2020
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan 01.10.2020
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med fylkesordfører / fylkesrådmann om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Samandrag

Tilbod og gjennomføring av kurs er med i avtalen mellom Vestland fylkeskommune og Deloitte. I denne saka vert tilbodet om kurs lagt fram til vurdering i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Kurstilbod 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.1.2020. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A Kravspesifikasjon punkt 3.3:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar pr. år, t.d. 4 kurs á 2 timar. Det må påreknast at kursa kan måtte gjennomførast på ulike stader i Vestland fylkeskommune.»

I tilbodet frå Deloitte punkt 2.1.1 går det også fram m.a. dette:

«Deloitte er også opptatt av å sikre løpande kompetanseoverføring, både overfor administrasjonen i fylkeskommunen og for kontrollutvalet. Dette er noko vi legg vekt på i det ordinære revisjonsarbeidet, men også noko vi kan bidra med for eksempel i form av kurs, seminar og andre kompetansehevande tiltak.

Mellom anna kan vi gjennomføre kurs i fylkeskommunal eigenkontroll. Vi har god erfaring med å gjennomføre kurs og seminar om kommunal og fylkeskommunal eigenkontroll og samhandling mellom ulike aktørar i fylkeskommunen. Tilbydde ressursar har halde slike kurs mellom anna for samlingar av kontrollutvals-medlemmer frå kommunar og fylkeskommunar, som enkeltvis kurs for kontrollutval vi er revisor for, for kommunestyre, og for kontrollutvalet til Sametinget.

Deloitte vil levere til Vestland fylkeskommune to kursdagar per år som ein del av fastprisavtalen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet

Vurderingar og verknader

Vedlagt følgjer Deloitte sine forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Vestland fylkeskommune. I oversikten går det fram at dei kan tilby kurs innan:

1. Innføring i kommunerekneskap
2. Offentlege Innkjøp
3. Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon
4. Justeringsplikt og -rett
5. Habilitet
6. Kommunelova (eller utvalde deler av den lova) og tilhøyrande forskrifter
7. GDPR
8. Arkivering, journalføring og offentlegheit
9. Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
10. Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning
11. Avstemming av rekneskapen
12. Internkontroll
 - Økonomi eller
 - Overordna (knytt til ny paragraf i kommunelov)
13. Innberetning av lønn
14. Investeringsrekneskap
15. Andre rekneskapsmessige problemstillingar
16. Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?
17. Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen - Ei innføring

Er det andre tema kontrollutvalet ønskjer å ha kurs innan kan dette diskuterast med Deloitte.

Det kan også vera føremålstenleg å spørja om administrasjonen ønskjer å nytta noko av denne kurskvoten og om det kan vera andre tema enn dei som står i kursoversikten til Deloitte som er ønskelege. Td. Vil det truleg vera aktuelt for fylkesordførar / fylkesrådmann å halda kurs i roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning i samband med at det no skal velgast nye styrerepresentantar i selskap fylkeskommunen har eigarskapsandel i, jmf. kurs 10.

I tillegg vil administrasjonen verta invitert med på dei kursa kontrollutvalet arrangerer. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timar og at dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2020. Kontrollutvalet bør også spørja om fylkesordførar / fylkesrådmann ønskjer å nytta noko av kurskvoten. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunnngjering og avvikling av kursa